

Eg heiter Anne Knutsdotter

**Eg heiter Anne Knutsdotter, Kari er mi mor,
og Truls han er min bror.**

**Me bur oppå ein plass der som ingen skulle tru at nokon
kunne bu.**

**Og plassen heiter Uren, Luren, Himmelturen,
Steinrøys, Steinrøys, Svelthel!**

**Ja, plassen ligg så høgt, høgt oppe i ei ur
tett under bergemur;
og det er ikkje meir enn at me på simpel vis
kan fø to kyr og ein gris.**

**Og kyrne heiter Dagros, Fagros, gamle Fagros,
grisen heiter: Giss, Giss, giss.**

**Og sommar`n er det moro å gå og plukke bær
i munn og neverkopp.**

**På stovetaket veks det to unge hegge-kjerr,
som geita eter opp.**

**Og geita heiter: Stygga, Stygga, Lurverygga,
høna heiter: Tipp, Tipp, Tipp**

**Og vinteren kan jamt ikkje vera oss for god
med frost og fok og sno;
då kan det ofte over dei fjorten dagar gå
før me ikkje folk får sjå.**

**Og plassen heiter: Uren, Luren, Himmelturen,
Steinrøys, Steinrøys, Svelthel.**

**Og far min han er kramkar, han strevar trottig nok og fer
så vidt omkring,**

**Ho mor ho steller huset, eg spinner på min rokk, men
han Truls gjer ingenting. Men plassen
heiter Uren, Luren himmelturen, Steinrøys, Steinrøys,
Svelthel.**